

Jens bjordal

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/1665 - 21/24859

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
14.04.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 1/80 Flatøy

Tiltak: Bruksending
Byggjestad: Gbnr: 1/80
Tiltakshavar: Øystein Sulebakk
Ansvarleg søkjar: Jens Bjordal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.03.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad er sendt som eit-trinnssøknad, men vi manglar fleire opplysningar, m.a. søknad om tilkopling til kommunalt vatn skal sendast inn og godkjennast av avdeling for samferdsel-, veg, vatn og avløpsforvaltning. Det er ikkje registrert tilkopling til kommunalt vatn på eigedommen i vårt arkiv. I 1985 er det registrert korrespondanse vedr. forureina brønn som vatnkjelde for naustet.
2. Tiltakets bruksareal og bygd areal med grad av utnytting må sendast inn.
3. Uttale frå Arbeidstilsynet må liggje føre før vi kan handsame saka.
4. Utvida bruk av avkøyrsløse frå kommunal veg må godkjennast av avdeling for samferdsel-, veg, vatn og avløpsforvaltning. Sjølv om det ligg føre avtale om leige av 5 parkeringsplassar på gbnr 1/263, må det godkjennast utvida bruk av avkøyrsløse for framtidig parkering på gbnr 1/285 etter at anleggsperiode for statens vegvesen er ferdig.

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan **24.05.21**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Barbro Wiig Sulebakk
Øystein Sulebakk

Grønlandsvegen 20
Grønlandsvegen 20

5918 FREKHAUG
5918 FREKHAUG

Mottakarar:

Jens bjordal